




## ULLENSVANG FJELLSTYRE



## ÅRSMELDING 2019



## *Innhald*

Ullensvang statsallmenning.....	3
Ullensvang fjellstyre 2016-2019 .....	3
Hardangervidda fjelloppsyn .....	3
Aktivitet i 2019.....	4
Fjellstyrehytter.....	7
Reinsjakt .....	8
Elgjakt .....	11
Økonomi .....	11



## Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Ullensvang herad og Odda kommune, og er på 819 km<sup>2</sup>. Delen av statsallmenningen som ligg i Ullensvang herad utgjer om lag 511 km<sup>2</sup>.

## Ullensvang fjellstyre 2016-2019

Medlem:	Vara:
Steinar Langesæter (leiar)	Trond Steine
Ragnar Ystanes (nestleiar)	Jon J. Kråkevik
Hildegunn Espe	Guro Grønsnes Opedal
Synnøva Sæbø	Kari Herstad
Jørund Kvestad	Jan Asbjørn Utne

Fjellstyret hadde i 2019 fire møte. Det blei handsama 27 saker.

Fjellstyret informerer om vedtak på heimesida [www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no). Her blir det også informert om jakt, fiske, hytteutleige med meir. Inatur blir brukt til sal av jakt og fiske, og Scanatura blir brukt til hytteutleige.

Styremedlem i Fjellstyra på Hardangervidda: Steinar Langesæter (vara Ragnar Ystanes)

Styremedlem i Norges Fjellstyresamband: Steinar Langesæter

Representant i villreinutvalet: Ragnar Ystanes

## Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Ullensvang fjellstyre leiger sekretærtjenester og felttenester frå HF. Sekretærtjenestene har blitt utført av Steinar Lund.



## Aktivitet i 2019

### Fjellhelga

Ullensvang fjellstyre arrangerte Fjellhelga 15.-16. juli. Dette er eit tilbod til elevar i 6.-8. klasse i kommunane Ullensvang, Eidfjord og Ulvik, som blir arrangert av fjellstyra i dei tre kommunane. Fjellhelga blei i år arrangert i Isdalen i Eidfjord kommune.

Arrangementet går over to dagar, frå laurdag føremiddag til sundag føremiddag. Ungdommane overnattar i lavvoar og telt. Fjellstyret står for felles matserving frå og med lunsj laurdag til frukost sundag. I år deltok 17 ungdommar frå dei tre kommunane. Ungdommane blir delt inn i grupper, og deltek på ulike aktivitetar som Fjellstyret lagar til. I år var aktivitetane garnfiske, rifleskyting, bogeskyting og artskunnskap (treslag). Laurdagen blei avslutta med ein konkurranse beståande av ein quiz og bogeskyting.

Arrangementet blei støtta økonomisk av Ulvik herad og Fjellstyresambandet.



**Figur 1:** Fangsten frå garnfisket blei grilla på bålpanna om kvelden.



**Figur 2:** Vinnarane av lagkonkurransen.



**Figur 3:** Isdalen i Eidfjord kommune.



### **Bru over Hansbubekken**

Det blei sett opp bru over Hansbubekken sommaren 2019. I periodar med mykje nedbør kan det vere vanskeleg å krysse Hansbubekken, og fjellstyret tok difor initiativ til å få sett opp bru. Brua er laga slik at ho enkelt kan demonterast og lagrast trygt i vinterhalvåret. Det er løyvd midlar frå Sparebankstiftinga og Grunneigarfondet til dette prosjektet.



Figur 4: Bru over Hansbubekken.

### **Naustet ved Nedsta Krokavatnet**

Naustet ved Nedsta Krokavatnet blei gjort heilt ferdig i løpet av 2019, og blei teke i bruk til utleige frå sommaren. Oddvar Hauso tok på seg å beise hytta. Det gamle naustet er rive/brent, og det blei rydda i branntomta. Naustet har ein overnattingsdel med fire sengeplassar, og ein naustdel med plass til tre båtar. Det blei kjøpt inn to nye aluminiumsbåtar til naustet, som blei teke i bruk sommaren 2019. Det er løyvd spelemidlar og midlar frå Grunneigarfondet til naustet, i tillegg til at fjellstyret har fått eit forsikringsoppgjær for skader på det gamle naustet.



Figur 5. Naustet ved Nedsta Krokavatnet. Foto: Ragnar Ystanes.

### **Fellesdo på Hansbu**

Fellesdoen på Hansbu blei bygd vinteren 2019, og den gamle doen blei brent. Dette har vore eit samarbeidsprosjekt mellom fjellstyret og dei andre hytteeigarane på Hansbu, der hytteeigarane har bidrege økonomisk.



Figur 6. Ny fellesdo på Hansbu .



## Fjellstyrehytter

Ullevang fjellstyre har sju hytter i statsallmenningen. I tillegg har fjellstyret eit naust ved Øvsta Krokavatnet.

Fjellstyrehytter:

Ullsbu (Hansbu)

Rogdabu (Hansbu)

Oppsynshytta på Hansbu      Leigd ut til Hardangervidda Fjellopsyn

Naustet (Nedsta

Krokavatnet)

Raudåna

Raudåna – oppsynshytta

Persbu (Øvsta Bjørnavatnet)


Fjellstyrehyttene blir leigd ut til jakt, fiske og friluftsliv, hovudsakleg i sommarhalvåret.

Hytte	Pris pr. døgn pr. person
Ullsbu	130,-
Rogdabu	110,-
Naustet	130,-
Raudåna	130,-
Raudåna – oppsynshytta	130,-
Persbu	110,-

Utleige av hyttene blei gjort via salssida Scanatura. Leigetakarane bestiller overnatting for dei dagane dei ynskjer, og betalar via Scanatura. Det er sett opp nøkkelboks med kode på kvar hytte, slik at dei som leiger ikkje må få utlevert nøkkel.

Hytteutleige utgjorde om lag 95.000,- i 2019 Det er leigd ut til saman 805 senger (tabell 1).

Naustet ved Nedsta Krokavatnet har vore populært, men det har vore ein auke for alle hyttene samanlikna med 2018.






**Tabell 1. Oversikt over tal senger utleigd i hyttene i 2019.**

Hytte	Tal senger utleigd
Naustet ved Nedsta Krokavatnet	181
Persbu	104
Raudåna – oppsynshytta	34
Raudåna, avdeling 1	128
Raudåna, avdeling 2	119
Rogdabu	61
Ullsbu	178
<b>Totalsum</b>	<b>805</b>

## Reinsjakt

Villreinkvota for Hardangervidda i 2019 blei sett til 6035 vaksen bukk (2,5 år eller eldre), med jakttid 10. august til og med 22. september. Fredingssone på Ullensvang statsallmenning gjaldt i perioden 10. august til og med 15. september. Frå og med 16. september og ut jakta var fredingssone oppheva.

Det var samjakt med dei private valda i Ullensvang og Odda for jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning frå og med 2. september og ut jakta. Det var også samjakt med Røldal fjellstyre frå og med 9. september og ut jakta.



**Figur 7. Fredingssoner i reinsjakta 2019.**

## Prisar reinskort 2019

	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
1 kort	1500,-	
2 kort	3000,-	6000,-
3 kort	4000,-	8000,-

Netto omsetnad for sal av reinskort var 847.851,-.





### Fellingsresultat


Ullensvang fjellstyre var tildelt ei kvote på 382 kort. I tillegg kjem 47 kort på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen. Fellingsresultatet blei 28,8% for Ullensvang fjellstyre sine kort, 38,3% for korta med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen. Det blei felt dyr jamt utover heile jakta, med flest fellingar tidleg og seint i jakta. Netto omsetnad for reinskorta var om lag 850.000,-.


### Fellingsresultat 2019

<b>Ullensvang fjellstyre HA 282</b>	
Felt:	110
Kvote:	382
Fellingsprosent:	<b>28,8 %</b>


<b>Kort på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen</b>	
Felt:	18
Kvote:	47
Fellingsprosent:	<b>38,3 %</b>

<b>Fellingsresultat samla:</b>	
Felt:	128
Kvote:	429
Fellingsprosent:	<b>29,8 %</b>





Figur 1. Posisjonar frå merka dyr i jakta 2019.



Figur 2. Fellingsresultat HA 282 Ullensvang statsallmenning 2005-2019.



## Elgjakt

Ullensvang fjellstyre administrerer elgjakt på eit vald i Ullensvang statsallmenning. Elgjakta blir leigd vekk til eit jaktlag for to år i slengen. Jakta er konsentrert rundt Hansbu-Bjørnavassområdet. I 2019 var kvota på ei ku og ein kalv. Det blei ikkje felt dyr dette året.

## Økonomi

Fjellstyret hadde i 2019 ein omsetnad på 1.551.766,-. Utgiftene var på 732.866,-.